# Søknadsskjema for skjønnsmidler 2014

Versjon: 4 (Produksjon) Status endra : 22.04.2014 12:33:34

## Søknadsskjema for skjønnsmidler til omstillings- og fornyingsprosjekter i kommunene 2014

Navn på prosjekt
Førebygging av utmarksbrann

Søker (kommune)
Austrheim kommune

Andre kommuner som deltar:
Fedje kommune, Radøy kommune

Søknadsbeløp

Egen prioritering av søknaden

Tilskot utbetales til kommune
Austrheim kommune

Prosjektets varighet

Organisering Prosjektet er organisert som eit interkommmunalt prosjekt der styringsgruppa for prosjektet består av beredskapskontaktane i dei tre kommunane, Austrheim, Fedje og Radøy.

Prosjektleder
Stein-Kåre Løvslett

E-postadresse
Stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Forankring ift. vedtaksorgan og overodnet leiing
Formannskapet i Austrheim kommune

Målsettting Føremålet med prosjektet er å redusere sannsynet for at ein større utmarksbrann oppstår og kjem ut av kontroll, og å redusere konsekvensane dersom ein slik brann oppstår. Attgroing av gamal beitemark og tilvekst av skog har vore ein vedvarande prosess over lengre tid. Dette fører til at sannsynet for og konsekvensane ved ein utmarksbrann er større no enn tidligare

Kommunane tar sikte på at prosjektet skal nyttast til opplæring av eigne mannskap i handtering av utmarksbrann. I denne samanheng vil det være aktuelt å investere i naudsynt kompetanse og utstyr til brannvernet i kommunane. Prosjektet skal og nyttast til opplæring av bøndene i den gamle kunsten med beitebrenning. I denne forbindelse er det aktuelt å investere i utstyr som kan lånast ut til dei som skal gjennomføre brenninga.

Kommunane ønskjer og å kunne tilby andre brannvesen og aktuelle etatar å ta del i dei erfaringane vi gjer i høve til sikring mot konsekvensar av ein utmarksbrann, og å tilby deltaking i brenninga av utmark som opplæring av deira mannskap

Prosjektbeskrivelse Prosjektet er eit felles prosjekt for kommunane Austrheim, Fedje og Radøy (AUFERA). Prosjektet skal planleggast i fellesskap med brann-, beredskaps- og landbruksmyndighetane i kommunane, samt dei politiske organa. Prosjektet er og føresett at det skal planleggast og gjennomførast i dialog med aktuelle etatar hos Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.
osjektet vil verte inndelt i tre fasar;

Fase 1 Ein kartleggings- og planleggingsfase der omfang og framdrift vert utarbeida.
Fase 2 Ein fase for detaljplanlegging av tiltak og gjennomføringa av disse.
Fase 3 Den tredje fasen er ein evalueringsfase som skal medverke til at arbeidet vert halde ved like og forbetra og at erfaringane herfrå kan bringes vidare til andre kommunar og nyttast der.

Fasane vil i praksis overlappe kvar andre og erfaringane vil fortløpande evaluerast.
Vedlagt er meir fullstendig beskriving av prosjektet,

Kort statusrapport hvis prosjektet har fått skjønnsmidler tidligere

Budsjett må vedlegges

Antall vedlegg
1 vedlegg: Tiltaksplan – Førebygging av utmarksbrann.

# Forklaring til felta

Egen prioritering av søknaden
(hvis flere søknader fra samme kommune eller samme region)

Tilskot utbetales til kommune
(vertskommune hvis interkommunalt/ regionalt prosjekt)

Målsettting
Kort beskrivelse av formål med prosjektet jfr. retningsgivende kriterier

Prosjektbeskrivelse
Kort beskrivelse av bakgrunn, utfordring og forventninger

Budsjett må vedlegges
[Skriv inn hjelpeteksten for dette spørsmålet her]